



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/fra Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnssoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Rådgjevar - 100% vikariat

### Stillingsinformasjon

Ved tenesteområdet Plan, utbygging og kommunalteknikk er det ledig 1 års vikariat som Rådgjevar innan kommunale eigedomar og anlegg. Rådgjevaren inngår i eit team med fire prosjektrådgjevarar/prosjektleiarar og to eigedomsforvaltarar. Teamet handterer store og små investerings- og utbyggingsoppgåver i kommunen, og driv saksbehandling og forvaltning av kommunale eigedomar og anlegg.

### Arbeidsplass

Tenesteområdet omfattar om lag 44 tilsette, der 18 medarbeidrarar har oppgåver knytt til saksbehandling, utbygging og forvaltning innan kommunen sine tekniske tenester: utbygging og forvaltning av kommunale bygningar og kommunaltekniske anlegg, offentlege og private planar, byggesaker, kart og GIS-tenester, oppmåling, miljø, landbruk og kommunal eigedom.

Det er gjort vedtak om kommunesamanslåing mellom Meland, Radøy og Lindås til Alver kommune frå 2020.

### Arbeidsoppgåver

Oppgåvene omfattar forvaltning og saksbehandling hovudsakleg knytt til bygg, infrastruktur, VA-anlegg og miljø. Eksempelvis avkjørsler, trafikksikring, tilsyn VA-anlegg, ureiningssaker, grunnavtalar, innkjøp, utbyggingsavtalar. Arbeidet omfattar t.d. planlegging, saksbehandling, oppfølging og rapportering.

### Kvalifikasjonskrav

Vi søker deg som har juridisk embeteksamen, evt. master i rettsvitenskap. Anna utdanning i kombinasjon med relevant erfaring kan vurderast.

Vi vil legge vekt på at den som blir tilsett

- Har relevant erfaring innan saksfeltet
- Har solid kjennskap til regelverket som gjeld for kommunal saksbehandling og forvaltning
- Har positiv tilnærming til oppgåvene
- Tek ansvar og kan arbeide sjølvstendig
- Likar å samarbeide
- Arbeider effektivt
- Likar publikumskontakt
- Legg vekt på god service
- Har god munnleg og skriftleg framstillingsevne
- Handterer elektronisk saksbehandlingsverktøy og digitale planverktøy
- Er lojal

### Vi tilbyr

Interessante oppgåver

Fleksibel arbeidstid

Godt og tverrfagleg arbeidsmiljø

Kurs og kompetanseutvikling

Løn etter avtale

God pensjonsordning

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 25.11.2018

Utlyst dato 07.11.2018

Vårref

88/18

### Kontaktperson

Berit M Eskeland, Prosjektrådgjevar, mobil: 45445602, berit.eskeland@meland.kommune.no  
Anny Bastesen, Sektorsjef teknisk, mobil: 40038893, anny.bastesen@meland.kommune.no